
Saksnr: 2020/77152-17
Saksbehandlar Arild Knapskog
Dato: 19.02.2021

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Fylkesrådmannen

Rutinar og rettleiing for planlegging i Vestland - samarbeid og medverknad

Seksjon for plan, klima og folkehelse arbeider med å få på plass gode rutinar og rettleiing for planlegging i fylkeskommunen. Dei har tatt kontakt med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for å orientere om arbeidet og danne seg eit betre bilete av rådet sine erfaringar og forventningar til medverknad i planprosessar. Denne orienteringa blir i møtet 24. mars.

Planlegging er eit sentralt verkemiddel for samfunnsutvikling og omfattar utarbeiding av alle typar planar i Vestland sitt plansystem:

- Regionale planar etter plan- og bygningslova.
- Temaplanar, der fylkeskommunen har stor påverknad mot samfunnet.
- Strategiar som gjer retning for eit eller fleire sektorar sitt arbeid.

Det vil i den noverande politiske perioden utarbeidast 7 regionale planar, fleire temaplanar og strategiar og rullere fleire handlingsprogram.

Rådet oppmodast til å kome med tankar om erfaringar og forventningar til medverknad i planprosessar.

Vedlegg

- 1 Utviklingsplan for Vestland
- 3 Regional planlegging prosesskart
- 3 Samarbeid medverknad høyring
ettersyn